Oppland Sau og Geit

Referat frå styremøte, 12/04 2021, kl. 19.00 på Teams

Desse møtte: Knut Evensen, Ola Hareland, Jonny Mathisen, Frode Rudland, Gro Arneng, Kjell Gudmund Svien, Marte Stine Skålenget, Anne Terningen og Pål Kjorstad

Sak 24/2021: Referatsaker

- Referat frå styremøte 08/03 2021, godkjent pr. mail og i styremøte
- 17/03: Knut møtte på årsmøte i Innlandet Bondelag
- Knut skreiv ein artikkel i GD, Avisa Valdres og Oppland Arbeiderblad

Sak 25/2021: NSG-saker

- Årsmøte NSG, årsmøteutsendingane og styremedlemmar i NSG frå Oppland var på Scandic Lillehammer. Ny leiar Ronald Slemmen og ny nestleiar Marthe Lang-Ree
- Styremøter, saker inn til NSG vår/sommar. Knut og Jonny har tenkt eit møte med Ronald og Marthe siste halvdelen av mai. Dette kan ein ta med seg i møte med Opplandsbenken på Stortinget i juni
- Jordbruksforhandlingane 2021, nytt frå Knut. Ronald Slemmen har vore på møte både med NB og NBS og presentert NSG sitt syn
- Frå NSG har vi fått dette: «Sender deg her en oversikt over lokallag i Oppland som ikke er organisert i Brønnøysund og som ikke har sendt inn årsrapport for 2020/tillitsvalgt 2021 til NSG. Disse lokallagene har fått en purring. Det er fint om fylkeslaget også følger opp disse lagene videre.»

Lokallag	Har ikkje sendt inn årsrapport	Manglar org. i Brønnøysundregisteret
Austvang	X	
Hadeland	X	
Heidal	X	X
Sel	X	
Slidre	X	
Søndre Land	X	
Sør-Aurdal	X	
Sør-Fron	X	X
Toten III	X	
Vang	X	
Vestre Toten	X	
Østre Toten	X	

Vedtak i saka:

- Ansvar/fadderordning for lokallaga. Marte Stine og Anne får sin del av laga, slik at alle har nokre. På fekk fullmakt til å setja det opp:
- Ola Hareland: Skjåk, Lom, Vågå og Dovre
- Jonny Mathisen: Lesja, Sel, Heidal og Fåvang
- Marte Stine Skålenget: Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu, Fåberg
- Knut Evensen: Øyer-Tretten, Gausdal, Biri og Slidre
- Frode Rudland: Vardal, Vestre Toten, Østre Toten og Toten III

Postadresse:
Oppland Sau og Geit
v/Pål Kjorstad, Moarusta 13
2647 Sør-Fron

Telefon:
99034406
E-post:
pkjorstad@outlook.com

Bankkonto:
2095.19.84249
Heimeside:
http://www.nsg.no/Oppland/

- Anne Terningen: Søndre Land, Snertingdal og Etnedal
- Gudmund Svien: Hadeland, Nordre Land, Kolbu
- Gro Arneng: Vang, Austvang, Nord-Aurdal og Sør-Aurdal

Sak 26/2021: Saker frå førre styremøte

- Hundesaka Nordre Land, Hans Gaukerud har sendt inn brev, og ber OSG følgja opp saka. Sender kopi til Nordre Land og Hans. Hundesaka i NSG – kartlegging av omfanget, og saka vert teke etter det.
- Uttala årsmøtet OSG, Jonny har teke det opp saka med rovviltnemnda v/Aud Hove. Saka vert teke med til Opplandsbenken
- Møte med Opplandsbenken i juni. Plan og avtale, saksliste og presentasjon på møte. Det er teke kontakt med Marthe Lang-Ree/Aud Hove og Rigmor Aaserud. 5-10 min til innleiing og diskusjon 5-10 min. Tema: Jerv, økonomi, rett til å bruka beiteretten, geitetema, landskapsvern/bruk og sjølvsagt god informasjon om oss

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og ville følgja opp sakene som skrive over

Sak 27/2021: Arbeidsplan

- Bidra til at et medlemskap i NSG skal lønne seg i 2021 og framover for småfeholdet i Oppland
- Bygge videre på organisasjonen Oppland Sau og Geit
- Innspill til jordbruksforhandlingene 2021 og framover til 2022. Innspillene, basert på høring i lokallaga skal sendes til NSG, Innlandet Bondelag og Oppland Bonde og Småbrukarlag så tidlig som råd er
- Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som spør om det
- Bidra til godt samarbeid og komme med gode konstruktive innspill for småfeholdets beste til NSG, Nortura, Tine, Statsforvalteren i Innlandet, fylkeslaga over heile landet, men mest samarbeid m/Hedmark Sau og Geit, Oppland Bondelag og Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen
- Medlemsverving – mål mer enn 1100 medlemmer i 2021
- Oppdatering av hjemmesida, inkludert rovviltartikkelen og facebook-sida vår
- Søke FKT-midler, midler fra «Tilskudd til tiltak i beiteområder» og andre midler til drift av Oppland Radiobjøllelag
- Videreføre engasjementet i rovviltarbeidet med Rovviltutvalget som bidragsyter
- Gjennomføre styremøter etter oppsett plan med saker fra/om Ring 41, geit og OGL
- Planlegge kontaktmøter/4 regionmøter i 2021 og seminar/årsmøte i februar 2022
- Arbeida med utfordringer til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark
- Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder og rekruttering av avlsbuskaper i avdelingene i Ring 41 Oppland
- Arbeida med mere faglige småfesaker, som på avl-, beitebruk-, produksjons- og dyrehaldsrelaterte områder
- Beholde generaldebatt på neste årsmøte
- Holde minst 2 felles styremøte og samarbeide som før med Hedmark Sau og Geit
- Arrangere tur for i Oppland Sau og Geit i 2021
- Videreføre fadderordninga med lokallaga

- Bidra til godt samarbeid og komme med gode konstruktive innspill for småfeholdets beste til NSG, Nortura, Tine, Statsforvalteren i Innlandet, fylkeslaga over heile landet, med mest samarbeid m/Hedmark Sau og Geit, Innlandet Bondelag og Oppland Bonde- og Småbrukarlag
- Sørge for å komme tidlig inn i og følge opp reguleringsplaner og arealplaner som berører beitebrukere og medlemmer i Oppland Sau og Geit

Vedtak i saka:

- Styret gjekk i gjennom planen og bestemte at underliggande punkter skulle ha fokus fram til neste styremøte:
- Møte m/faglaga
- Medlemsjekking/verving
- Heimeside

Sak 28/2021: Utmarkssaker

- Henvendelse frå Karl Øygarden angåande gjerding langs Raumabanen
  Saka er teke til NSG v/Ronald Slemmen og Per Fossheim. Jernbane/gjerdeplikt – uklart.
- Forvaltningsplan for Hemmeldalen og Rondane som er på høring
  Ansvar: Jonny, informasjonsmøter
- Prosjekt moglegheit for å bruka utmarksbeiteretten, v/Jonny og Pål

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning.

Sak 29/2021: Geitesaker

- Dokumentere kor mange som slakter/avliver kje – bra salg av kje. Økonomi, redusert forholdstal, sal av produkter – får ikkje varene ut i butikk. Antall geitebønder meire enn halvert på 20 år. Geitedagar – utsatt til 2022. 27 medlemmer i OSG har geit - kanskje litt lite!

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og vedtok at OSG skal gjera eit framstøt mot ammegeitprodusentane - Gro tek ansvar for å opprette kontakt. OSG vil satsa på vervekampanje fram mot og på neste årsmøte/seminar

Sak 30/2021: Avlssaker sau

- Møte med avlsavdelingane/avlsbesetningane omkring genomisk seleksjon. Omlag 30 møtte. Økonomi og gjennomføring av tiltaket, stor diskusjon om kva tid uttaket av gentesten skulle takas. 2 måneder før/prøver vert teke av 1,5-3x innsettet. 300 kr genprøve og ringene/avdelingane skal få dekka 600 kr. pr. avlsgranska vær. Dette skal dekkes av NSG sitt avlsfond. Fleire rutinerte avlsfolk i Oppland var skeptiske til utviklinga med topping av avlsmaterialet på færre besetningar – utfordrande å vera ringleiar. GS-testene skal takast seinast ved vårslepping og det skal haldas att nokre verar til haustas. Mål: Sikkerheit på indeks på unge dyr vil auka. Men skal ein legge inn køyrereglar undervegs?
- Værprisar må opp for å dekka utgiftene – er det mogleg? Håper sjølvsagt at dette lykkas!

- Tilslag semin, NSG har snudd alle steinar – finn ikkje grunnen til nedgangen i tilslaget
- Sal av livdyr i forhold til sal av hodyr, mædietest – informasjon.

Vedtak i saka:
Styret tok informasjonen til etterretning

Sak 31/2021: Rovdyrsaker

- Siste frist – dokumentert 4 ynglingar av jerv. 2 Skjåk. 1 Ringebu, 1 på Sør-Fron. Manglande medisinavtale i forhold til bedøving av jerv ved hiuttak – tilfeldig? Uttak på lisensjakt vart ikkje prioritert i Oppland. Region 3 har prioritert dette med hiuttak i 2021: 1. Prioriterte beiteområder. 2. Lordalen. 3. Finndalen.
- Utveksling av informasjon mellom fylkesgrensene mot Vestland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Hedmark. Jevnt over god informasjonsflyt over fylkesgrensene, men forvaltninga over fylkesgrensene utgjer ikkje nokon konsekvens for bestandane i den enkelte region med unnatak av nasjonal bestandsmål
- Gaupe: Kvote m/tilleggsdyr hodyr innanfor sona, meininga var noko anna. Rovviltnemnda må bestemme seg for kvote i forhold til den vedtekne soneringprinsippet for av gaupe

Vedtak i saka:
Styret tok informasjonen til etterretning

Sak 32/2021: Gjetarhundsaker

- Kjell Gudmund har vore i kontakt med Jon-Einar Høystad, nyvald leiar i OGL
- Fylkesmeisterskapet i haust skal arrangeras på Hadeland i år, men dette ser dei seg ikkje i stand til. Dei har prøvd andre aktørar utan å lykkas, men nå har Sør-Gudbrandsdal Gjeterhundlag heldigvis teke på seg dette arrangementet innan fristen 15/04

Vedtak i saka:
Styret tok informasjonen til etterretning

Sak 33/2021: Oppland Radiobjøllelag

- 25/03: Møte m/lammetapsprosjektet i Åmot, Jonny og Pål møtte, mislykka prosjekt både teknisk og organisatorisk. Jonny og Pål har sagt ja til å bistå
- 25/03: Møte med og hos Findmy, Jonny og Pål møtte, bestilt 200 einingar for å dekka etterspørselen. Interessant og lærerik dag. Tenkjer nytt m/elektronisk overvaking via øremerker. Gjekk i gjennom heile lista med brukarar i Oppland Radiobjøllelag – dårleg informasjon om overforbruket, særleg med dei nye.
- 07/03: Møte med prosjekt Nofence, Jonny møtte, elles svært mykje kontaktar rundt dette prosjektet 8/3 og 9/3 angåande meire midlar til Nofence på storfe i forhold til «Tilskot til tiltak i beiteområder»
- 09/03: Smartbjella-utstyret på plass
- 12/03: Telespor var her i kveld med batterier til dei grå og nokre nye

Sak 34/2021: Eventuelt

- Møte m/faglaga i Oppland Bonde og Småbrukarlag og Innlandet Bondelag, rovdyr, økonomi, marked/sal, samarbeid, kvotetaket på geitmjølk. Rett etter 17. mai, på Teams. Gjerne heile styret
- Fullmakt til Knut til å prate ved sekretær angåande ny arbeidsavtale
- Møte med Statsforvalteren Innlandet – 22/04 kl. 10.00 – 12.00
- Neste møte: siste heile veka i mai – fysisk?

Sør-Fron, 12/04 2021, Pål Kjorstad, sekretær